



# MARSHMALLOW-TUR



# MARSHMALLOW-TUR

## Hensikt

I denne aktiviteten vil barna utfordre rørslemønster knytt til forflytning og balanse, gjennom å prøve ut og kjenne på ulike måtar å gå på og måtar å bruke musklane på.

## Utstyr

Ingen krav til utstyr.

## Forklaring

1. Barna og du imiterer korleis det vil vere å gå på ulike typar underlag. Dømer kan vere på Marshmallows, på djupt vatn, på varm sand, på vått gras, i snø, på is, på klinkekuler, i skogen, i leire, i myr, på trampolin, på månen...

## Tips

- Her kan barna vere med på å bestemme kva for underlag de latar som de går på.

## Variasjon

- Ein kan gjere aktiviteten meir utfordrande motorisk ved å til dømes stå på eitt bein eller hinke på dei ulike underlaga.